



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
08.07.2014	47713/2014	Cecilie Flatnes

Saksnr	Utval	Møtedato
	Regional- og næringsutvalet	02.09.2014
	Fylkesrådmannens tilråding	12.09.2014
	Fylkesutvalet	22.09.2014

Høyrings svar på utkast til forskrift om kapasitetsauke i lakse- og aureoppdrett i 2015

Viser til høyringsbrev frå Nærings- og fiskeridepartementet den 23. juni 2014 med høyringsfrist 1. oktober 2014. Regjeringa tar sikte på at endeleg forskrift skal kunne tre i kraft så fort Stortinget i desember treff sine budsjettvedtak om vederlaget for kapasitetsauka.

Bakgrunn

Nærings- og fiskeridepartementet gir følgjande grunngjeving for denne forskrifta;

”Noreg må ha noko å leve av når inntekter frå olje- og gassressursane ikkje lenger kan hjelpe til med å halde oppe den høge levestandarden vår, den låge arbeidsløysa og den gode nasjonaløkonomien. Regjeringa vil løfte konkurransekrafta for næringslivet i fastlands-Noreg slik at det blir skapt fleire trygge arbeidsplassar og at finansieringa av velferdsordningane blir sterkare.

Konkurransekraft er eitt av åtte satsingsområde i den politiske plattformen til regjeringa. Regjeringa vil føre ein framtidsretta næringspolitikk som legg til rette for verdiskaping og sysselsetjing i alle delar av norsk økonomi. Rammevilkår skal gi auka konkurransekraft og dermed høve til å skape større verdier.

Havbruksnæringa er allereie ein stor bidragsytar til norsk verdiskaping. Den havbruksbaserte verdikjeda stod i 2012 for ca. 23 600 årsverk, inkludert ringverknader. Rapporten ”Verdiskaping basert på produktive hav i 2050” ser for seg framtida til norske marine næringar. Under føresetnad av at vi klarer å løyse miljøproblema i havbruksnæringa, og at det er politisk vilje til å prioritere, har havbruksnæringa eit langt større verdiskapingspotensial enn det som blir utnytta i dag. For å realisere potensialet i rapporten om 2050 må det vere vekst og utvikling i lakseoppdrett. Veksten i lakseoppdrett bør nok vere ein stad mellom tre og fem prosent i snitt per år for at næringa skal kunne produsere fem millionar tonn i 2050”.

Om lag 11 % av produksjonen i havbruksnæringa føregår i Møre og Romsdal. Det er 113 laksekonsesjonar kvar på 780 tonn maksimalt tillatt biomasse av matfisk i vårt fylke, med størst aktivitet på Nordmøre.

Regjeringa ønskjer å legge til rette for vekst i havbruksnæringa, under føresetnad av at veksten blir vurdert som miljømessig berekraftig. Mattilsynet har opplyst at dei er urolege for lusesituasjonen, særleg med tanke på utvikling av resistens og verknaden på ville laksebestander. Departementet meiner difor at auka produksjon utan at det blir stilt strengare miljøkrav, neppe er tilrådeleg.

Forslaget om å auke produksjonskapasiteten no, har difor som mål å stimulere næringa til å redusere risikoen for negativ påverknad frå lus på dei ville bestandane og motverke auka resistens blant lus. Dersom dei skal klare å produsere meir fisk, må dei overhalde den nye lave lusegrensa gjennom ny teknologi/metodar eller drive i område med lite lus.

Forslaget

Forslaget til forskrift opnar for høve til å sende melding om å utvide kapasiteten for gjeldande matfiskløyve for laks, aure og regnbogeaure med 5 prosent i 2015. Dette inneber ei auke på 39 tonn per konsesjon på 780 tonn. Det kan ikkje søkast om meir eller mindre enn 5 %.

Departementet legg vekt på at etablerte aktørar skal få tilbod om å utvide kapasiteten (MTB) for dei konsesjonane dei allereie har. Innehavare som ønskjer å nytte tilbodet skal sende ei melding til tildelingsmyndigheten der løyvet høyrer heime innan 18. mars 2015.

Vilkår knytt til auka biomasse med 5 %

- Mengden av lus: I dag er lusegrensa 0,5 kjønnsmodne holus per fisk. Dersom denne grensa blir broten, må ein enten avluse eller slakte ut fisken. I anlegg der ein aukar biomassen med 5 % vil lusegrensa bli 0,1 kjønnsmodne holus per fisk. For anlegget totalt vil ein auke av biomassen med 5 % og den nye grensa for antall lus, medføre at den totale mengden på lus vil bli redusert med om lag 30 % i det aktuelle anlegget.
- Behandling mot lus: Det vil med 5 % biomasseauke berre bli tillatt med maksimalt 2 medisinbehandlingar mot lus per produksjonssyklus. Per i dag er det ingen begrensning på antall medisinbehandlingar (ved grønne løyver som nyleg er tildelt er øvre grense på medisinbehandlingar 3 per produksjonssyklus). Produksjonssyklus er den tida det tar å produsere ein laks frå rogn til slakting.

Vilkåra over vil gjelde for alle konsesjonar som blir meldt utvida.

Økonomisk vederlag for biomasseauke

- For utviding av biomassen skal det betalast eit vederlag til staten på 1,5 mill. kroner per løyve. Av dette er det forslag om at 50 % av vederlaget skal gå til vertskommunen som frie midlar.

Sanksjoner og tilbaketrekking

Kapasitetsauken kan trekkast tilbake dersom det over ein periode på to produksjonssyklusar skjer 4 eller fleire brot på vilkåra:

Brot	Reaksjon	Størleiken på reaksjonen
Første gongs brot	Tvangsmulkt frå fristen for å rette opp og til tilhøvet er retta. Dersom vilkåra er til stades kan lovbrotsgebyr vurderast. Det bør berre nyttast for meir alvorlege brot. Dersom det ikkje let seg gjere å bringe nivået av lakselus under grensa, kan Mattilsynet bestemme utslakting.	Forskrift 5. desember 2012 nr. 1140 om bekjempelse av lakselus gir reglar om tvangsmulkt. Dersom verksemdene let vere å etterleve enkeltvedtak innan fastsett frist, kan Mattilsynet for kvar påbyrja 10 000 fisk i akvakulturanlegget fastsetje løpande dagmulkt til grunnbeløpet i folketrygda dividert med 36,5. For brot på vilkår i løyve kan også lovbrotsgebyr etter akvakulturlova nyttast. Maksgrensa for gebyr er 15 G, men bør her ikkje overstige 5 G.
Andre gongs brot	Tvangsmulkt. Lovbrotsgebyr dersom vilkåra er til stades.	Tvangsmulkt, sjå ovanfor. Opp til 15 G i lovbrotsgebyr, bør ikkje overstige 10 G.
Tredje gongs brot	Tvangsmulkt til tilhøvet er retta. Lovbrotsgebyr dersom vilkåra er til stades.	Lovbrotsgebyr opp til 15 G og inndraging av fortieneste knytt til kapasitetsauken på 5 pst. Dette vil kunne utgjere 5 pst. av netto overskot til selskapet.
Fjerde gongs brot	Tilbaketrekking av kapasitetsauken på 5 pst. Vederlaget blir ikkje betalt tilbake.	Tilbaketrekkinga skjer på dei løyva med auka MTB som var knytt til dei lokalitetane der brota har skjedd.

Eit alternativ for dei som ikkje klarer å oppfylle vilkåra vil vere å selje løyvet. Seljar sine brot på vilkåra vil hefte ved løyvet. Dersom ein sel løyvet vil vilkår og sanksjonar følgje med løyvet.

Vurdering

Forslaget medfører ei større satsing på havbruk. Dersom ein skal vere konkurransedyktig internasjonalt, dekke aukande etterspurnad etter sjømat, må Noreg auke produksjonen. Forslaget slik det er utforma vil bidra til å redusere mengden lus i oppdrettsanlegga. Det er viktig å merke seg at den nye lusegrensa vil gjelde heile konsesjonen som blir søkt utvida. Departementet meiner denne endringa kan gi ein reduksjon av lakselus på 30 % og mindre bruk av medisiner.

I 2014 har lusesituasjonen langs vestlandskysten og nord til Nordland vore vanskeleg, med mykje lus på vill laksefisk. Det kan framstå som ulogisk for folk flest at ein kan løyse luseproblemet gjennom å auke biomassen. Årets lusesituasjon er i følge Mattilsynet urovekkande, spesielt for sjøauren.

Vi er urolige for lusesituasjonen knytt til villfisk. Slik forslaget til regelverksendring ligg føre, vil mengden lus i oppdrettsanlegg- sjølv med en større biomasse- vere mindre enn dagens regelverk gir høve til.

Vi meiner at med dagens lusesituasjon må ein vere strengare med tilbaketrekking av biomasseauken enn det som er foreslått. Dersom aktøren ikkje klarer å overhalde regelverket må dette reagerast på så tidleg som mogleg. Vi foreslår tilbaketrekking ved brot på forskrifta ved tredje gongs lovbrots, ikkje slik forslaget

ligg føre med tilbaketrekking etter fjerde gongs lovbrøt. Dette fordi lusesituasjonen er alvorleg for næringa og for villfisken.

Det andre forslaget til justering går på vederlaget. Vi meiner at heile vederlaget for biomasseauke skal tilfalle lokalsamfunnet, med ei fordeling på 75 % til lokaliseringskommunen og 25 % til fylkeskommunen. Tidlegare vederlagsmidlar som har gått til fylkeskommunane har for det meste blitt brukt på miljøtiltak for laksefisk.

Vi er usikre på kor mange som vil nytte seg av moglegheita til å auke biomassen, fordi vilkåra vil vere krevjande å overhalde.

Forslag til vedtak:

1. Møre og Romsdal støttar forslaget til forskrift om kapasitetsauke i lakse- og aureoppdrett i 2015, men meiner at ved tredje brøt på forskrifta må biomasseauken trekkast tilbake.
2. Vederlaget for biomasseauke bør tilfalle lokalsamfunnet, derav 75 % til vertskommunane og 25 % til fylkeskommunane.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Frank Madsøy
ass. regional- og næringssjef

Vedlegg

- 1 Høyringsnotat
- 2 Utkast til forskrift